

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Frode Heigre  
Arkivsaksnr.: 19/79 - 57

Arkiv: D35

### Planlagt behandling:

Hovudutval for lokal utvikling

## STRATEGI FOR LEIKEPLASSAR OG NÆRMILJØANLEGG

### Bakgrunn for saka

Med bakgrunn i ekstern leikeplasskontroll utført i 2017 og gjeldande lover, normer og forskrifter for oppbygging, drift og vedlikehald av kommunale leikeplassar, har rådmannen utarbeidd ein strategi for leikeplassar og nærmiljøanlegg. Strategien inneheld målformuleringar, ein statusdel og ei vurdering av korleis rådmannen ser for seg at slike areal kan forvaltast i åra frametter.

Klepp kommune har i dag ansvaret for 186 leikeplassar og nærmiljøanlegg. Dette er fordelt på 131 sandleikeplassar, 30 kvartalsleikeplassar og 25 nærmiljøanlegg. Utført kontroll, eigne driftserfaringar og tilbakemeldingar frå brukarane syner at det er store manglar ved sikkerheten ved desse leikeplassane, og at dei ber preg av manglande vedlikehald og jamleg oppgradering.

Det er berekna at den samla kostnaden med å rusta opp desse anlegga til tilfredsstillande nivå ut frå Norm til utomhusanlegg i Sør-Rogaland og gjeldande sikkerhetskrav, vil vera på 23,9 mill. kroner. Årlege utgifter til drift og vedlikehald vil vera kr 3,05 millionar.

Det er i gjeldande budsjett og økonomiplan sett av 1 mill. kroner pr år til oppgradering og 0,75 mill kroner pr. år til drift og vedlikehald av desse anlegga.

For vidare utgreiing av status blir det vist til forslag til strategi.

### Vurdering

Rådmannen kan ikkje sjå at det er mogleg å halda leikeplassane på eit trygt og forsvarleg nivå med dei økonomiske ressursane ein har til rådighet i dag.

Det må derfor gjerast tiltak som legg til rette for å nå de iføreslåtte måla og samstundes innfri krav til tryggleik på leikeplassane og nærmiljøanlegga.

I strategidokumentet som er vedlagt saka, er det lagt fram to alternative strategiar for oppgradering, drift og vedlikehald av kommunale leikeplassar og nærmiljøanlegg i kommunen.

### Alternativ 1

19 av kommunen sine 131 sandleikeplassar vert lagde ned.

Dei resterande 112 sandleikeplassane, 30 kvartalsleikeplassane og 25 nærmiljøanlegga blir oppgraderte slik at alle feil som kan medføra sikkerhetsrisiko blir fjerna og standarden på leikeplassane og nærmiljøanlegga blir på eit nivå slik at dei tilfredsstillir norm for utomhusanlegg i Sør-Rogaland.

For å kunna gjennomføra dette løftet må det investerast kr 23,9 mill. til oppgradering. Denne oppgraderinga bør utførast i løpet av ein 10 års periode, slik at beløpet som må setjast av i økonomiplanen i perioden 2020-2029 er kr. 2,39 mill. pr år.

Vel ein denne strategien, vil det og vera behov for kr. 3,05 mill. til drift og vedlikehald

pr. år.

## Alternativ 2

Kommunen avsluttar vedlikehaldet på alle dei 131 kommunale sandleikeplassane.  
Vellaga får tilbod om å overta ansvaret for sandleikeplassane og utstyret på dei.  
Vellaga får tilbod om kollektivt å tilslutta seg Vellaga sin Fellesorganisasjon (VFO) der kommunen betaler den årlege kontingenten.  
Kommunen dekker utgiftene til sikkerhetskontroll på sandleikeplassane.

Etablert ordning der vellaga kan søka om midlar til leikeplassutstyr bør oppretthaldast med eit fast beløp i budsjettet kvart år.

Der vellaga ikkje ønsker å overta ansvaret må kommunen fjerna utstyret etterkvart som dette blir nedslite eller får manglar. Utstyr som blir fjerna vil ikkje bli erstatta.

Kvartalsleikeplassane og nærmiljøanlegga oppgraderast slik at alle feil som kan medføra sikkerheitsrisiko blir fjerna og standarden på leikeplassane og nærmiljøanlegga blir på eit nivå slik at dei tilfredsstillir norm for utomhusanlegg i Sør-Rogaland.

For å kunna gjennomføra dette alternativet, må det investerast kr. 11,8 mill til oppgradering. Denne oppgraderinga bør utførast i løpet av ein 5 års periode, slik at beløpet som bør setjast av i økonomiplanen i perioden 2020-2025 er 2,36 mill. kroner

Vel ein denne strategien vil det, inkludert utgifter til medlemskontingent i VFO på kr 1000,- pr vellag pr år, og lovpålagt leikeplasskontroll som for tida utgjør kr 1000,- pr sandleikeplass pr år, vera behov for 1,88 mill. kroner til drift og vedlikehald pr. år.

## Økonomiske konsekvensar Alternativ 1

Dette alternativet legg opp til ei samla investering på 23,9 mill kr. Med tanke på kapasitet til gjennomføring, bør denne investeringa gjennomførast over ein 10 års periode, slik at det vert sett av 2,39 mill. årleg i økonomiplanen i denne 10 års perioden.

	2020	2021	2022	2023
Investering	2,39	2,39	2,39	2,39
<b>Sum investering</b>	2,39	2,39	2,39	2,39
Driftsutgifter	3,05	3,05	3,05	3,05
<b>Sum drift</b>	3,05	3,05	3,05	3,05

- Økonomiske konsekvensar blir vurderte i rulleringa av økonomiplanen.

## Økonomiske konsekvensar Alternativ 2

Dette alternativet legg opp til ei samla investering på 11,8 mill kr. Med tanke på kapasitet til gjennomføring, bør denne investeringa gjennomførast over ein 5 års periode, slik at det vert sett av 2,36 mill. årleg i økonomiplanen i denne 5 års perioden.

	2020	2021	2022	2023
Investering	2,36	2,36	2,36	2,36
<b>Sum investering</b>	2,36	2,36	2,36	2,36
Driftsutgifter	1,88	1,88	1,88	1,88

<b>Sum drift</b>	1,88	1,88	1,88	1,88

- Økonomiske konsekvensar blir vurderte i rulleringa av økonomiplanen.

Rådmannen tilrår at alternativ 2 blir lagt til grunn for vidare prosess. Omfang av drift og investeringane i alternativ 2 må vurderast nærmare i økonomiplanarbeidet då investeringane også kan tas over fleire år enn lagt til grunn i alternativ 2. Driftsnivået må også vurderast.

### **Risiko- og sårbarhetsvurdering**

Pr. i dag er ikkje dei kommunale leikeplassane og nærmiljøanlegga i forsvarleg stand, og det kan medføra at born og unge skadar seg som følgje av feil og manglar.

### **Vedlegg:**

- Strategi for leikeplassar og nærmiljøanlegg i Klepp kommune

### **Innstilling:**

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Forslag til Strategi for leikeplassar og nærmiljøanlegg i Klepp kommune alternativ 2 vert lagt til grunn for det vidare arbeidet. Dei økonomiske konsekvensane for drift og vedlikehald av kommunale leikeplassar og nærmiljøanlegg blir vurdert nærare i økonomiplanarbeidet.
2. Rådmannen får fullmakt til å starta forhandlingar med vellaga om overføring av drift og vedlikehaldsansvar for 131 kommunale sandleikeplassar.

Rådmannen i Klepp 02.08.2019

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*